



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 16.03.2022, kl 09.00-12.00 Stad: Videomøte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Roald Aga Haug, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Sigbjørn Hauge og Morten Midlang (frå kl 11)

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Inviterte: Benedicte L. Hellestøl, Nye Veier og Kristian Karlsen, Asplan Viak/Nye Veier
Ellen Johnsen Haaberg, Statens Vegvesen

Agenda:	09.00 – 09.30	Orientering/status frå Nye Veier AS
	09.30 – 10.00	Orientering/status frå Statens vegvesen
	10.00 – 12.00	Sakshandsaming

Sak 06/22 Meldingar

Ingen meldingar til møtet.

Sak 07/22 Årsmøtet 2022. Hotel Scandic Stavanger, Forus 25. april 09.00 - 10.00

Årsmøtesakene vart gjennomgått.

Kontingent var drøfta og blir føreslått stabil for 2023. Langtidsbudsjettet er basert på kontingentauke frå 2024. Medlemsrekruttering skal prioriterast.

Handlingsprogrammet er justert m.o.t. fokus på overordna politisk nivå .

Forslag til vedtekts-justeringar blir lagt fram for årsmøtet.

Årsmøtepapira er klare til utsending med dei oppdateringar som vart gjort i møtet.

Sak 08/22 Årskonferansen 2022 25. april - Hotel Scandic Stavanger Forus

Hanne hadde gjennomgang av program og økonomi for Årskonferansen.

Alle er oppmoda til å bidra til god deltaking på Årskonferansen.

Budsjettet er stramt. Mål om 75 deltakarar for at budsjettet skal gå i balanse, ca 45 av desse må vera fullt betalande medlemmer.

Styret aksepterer å dekkja konferanseavgift, overnatting, middag etc sjølv.

Styret får frå Hanne eigen epost som må svarast på for sine påmeldingsdetaljar.

Sak 09/22 Oppetid for Rv13 Vikafjellet

- Statistikk for oppetid
- Tiltak for påverknad ift. prioritering av Vikafjellstunnel i ny NTP

Statistikk er etterlyst og purra frå SVV, ligg ved referat. Statistikken er velkjend sidan det ikkje føreligg frå SVV noko oppdaterte tal for 2022. Målet var å få verifiserte tal for vinteren 2021/2022. Det er lova at det skal koma.

Vikafjellet har vore stengd rekordmange timar og dagar denne vinteren, ein uholdbar situasjon. RV 13 er riksveg, og omkøyringa altfor lang. Styret vil drøfta korleis det kan og skal påverka for at oppstart av tunnel kjem attende i revidert NTP.

Sak 10/22 Fast Post:

Gjennomgang av status vart gjort innleiingsvis i dialog med SVV og NV

Sak 11/22 Innmeldte saker/Ymse

Reguleringsplanar skal leverast Nye Veier

Kinsarvik, 16.03.2022

Jostein Eitrheim
referent

Notat frå dialogmøte med Nye Veier 0900-0930:

Stikkord frå orientering/status

Nye Veier/Asplan Viak:

Dei er i innledande fase og arbeider etter 2 spor:

1. *Analyserer heile strekninga og identifiserer alle utfordringane* som er på RV13
Mål er å starta arbeid der behovet og nytten er størst, der behov er delt i skred og framkomst. Dette ser dei på no:
SKRED: Byrkjenes - Ullensvang, Osgjelet- Voss, Øfsteskreda, Midtskreda og neste skreda sør for Odda – Ullensvang, Ylvisaker - Sogndal
FRAMKOMST: Kyrkjeneset – Bu
2. *Prioriterer tiltak i 2022* – NV håpar å kunne bruka tidlegare kartleggingar frå SVV.

Spørsmål: Det er ulike behov for veg: - Industri og behov for veg
- Lokaltrafikk prognosar
- Trafikkprognosar - framtidig behov

Svar: ÅDT, tek utgangspunkt i dagens tal - og dei ser på sesongsvingningane og måler opp mot 2050.

Har ikkje kartlagt framtidig behov, og heller ikkje laga strategi for framtidige tiltak.

Spørsmål: Viser til synfaring nyleg med modulvogntog gjort i Oddadalen etter initiativ frå SVV. Ansvar for køyretøy i høve vegstandard ligg på SVV. Slike vogntog er ulovlege på RV 13 i Oddadalen pr idag. Den viktige industrien har eit stort og prekært behov for at slike kan koma til/frå Odda, i nær framtid. Denne oppgraderinga må koma så snart som råd er.

Svar: Nye Veier har fått behovsanalyse om modulvogntog i Oddadalen og på Vikafjellet. Roald Aga Haug som deltok på synfaring, deler informasjonen med NV.

Spørsmål: Er det punkt som er tenkt utført raskt på strekninga Kyrkjeneset - BU?

Svar: Ramma er 200 millionar i 2022- og målet er at dette skal ut på anbud i 2022. Kva tiltak som er mulig er for tidleg å seia.

Skal noko gjerast i 2022, må det vera tiltak som ikkje treng reguleringsplan.

Synspunkt: Det er svært viktig at det blir starta opp nokre tiltak i 2022.

Tilbakemelding: Veldig nyttig for Nye Veier å få direkte tilbakemelding på om dei er på riktig spor, og nyttig å informera og få dialog på styremøta til Fjordvegen Rute 13.

NV skal ha ei ny synfaring langs RV 13 neste veke - og har kontakta dei kommunane det er viktig å få dialog med no.

Innspel: Dagleg leiar viser til eit ope møte tidlegare denne veka som NV har hatt med Transportkomiteen på deira synfaring i Vestland/Sogn, og ber om å få tilsendt presentasjon som vart gjeven der.

Fjordvegen nytta høvet å uttrykka positivt haldning til at NV kjem med tiltak så rask. Behovet er så stort og me har venta så lenge!

SVV v/Haaberg:

Statusrapport utfrå SVV sin Gjennomføringsplan med fokus Lovraeidet – Rødsliane i Suldal samt mindre tiltak..

Det blei understreka at SVV no og har porteføljestyring.

SVV skal delta på folkemøte i Suldal 25.3. i regi av NAF.

Spørsmål: Geologisk rapport for Lovraeidet og sørover, er denne ferdig?

Svar: er venta seinare på våren.

Spørsmål: Koplinga mellom ny E134 og RV 13 i Håradalen, vil RV13 skifta trase?

Svar: Den eksisterande tunnelen vil bli halden open.

Omklassifisering er ikkje bestemt enno.

Detaljar ligg i presentasjonen som er vedlegg til referatet.